



Sak 6: Fråsegner

Ei fråsegn kan ha ulike funksjonar i ein organisasjon. Det kan t.d. ha form som ei pressemelding eller ein politisk uttale i ei sak, som blir sendt til ulike instansar. Ei fråsegn kan også ha funksjon som politikkkutforming, for å utforme eller stadfeste politikk i ulike saker. Ei fråsegn kan vere retta både eksternt ut av organisasjonen, eller internt i organisasjonen, for å gje styret ei politisk plattform i ulike saker.

Styret i Noregs Ungdomslag legg fram 2 fråsegner for landsmøtet, og inviterer i tillegg utsendingane til å fremje forslag til fråsegner som landsmøtet skal ta stilling til. Nærare fristar for å levere fråsegner blir regulert av forretningsorden for møtet.

Styret sine forslag til fråsegner har følgjande tema:

- 1. Organisasjonseigde kulturbygg må få meir av spelemidlane**
- 2. Kommunane treng ungdomslaga for å gje barn og ungdom ei god oppvekst**

Det er redaksjonskomiteen som innstiller på vedtak av dei ulike fråsegnene.



Fråsegn 1

Organisasjonseigde kulturbygg må få meir av spelemidlane

Innretninga og fordelinga av spelemidlane til kulturbygg og frivillig-eigde bygg må evaluerast. Regjeringa seier dette sjølv, og har lista det opp som ei konkret prioritering både i frivilligheitsmeldinga (St. 10 2-2018-2019) og kulturmeldinga Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida (St. 8 2018-2019). To år har gått sidan meldingane kom, og Noregs Ungdomslag etterlyser handling.

Det har opp gjennom åra skjedd stadige endringar med spelemidlane. Dessverre har ikkje endringane vore til fordel for kulturlivet. Brøkdelen som går til kultur har blitt mindre. Vi ser at dessutan at Kulturdepartementet brukar delar av tippeoverskotet til nye tiltak framføre å styrke dei eksisterande ordningane.

Det er spesielt kulturbygg som lir under dette regimet. I 2013 var potten til kulturbygg på 135 millionar kr, men er no nede i skarve 56 millionar kr. Til samanlikning blei idrettsanlegg i kommunane tildelt 1492 millionar kr i 2019. Det utgjer 26 gongar meir til idrettsanlegg enn kulturbygg over tippenøkkelen. Behovet går langt utover dei 56 millionane som ligg i potten til kulturbygg. Midlane skal fordelast over heile landet, og er på ingen måte nok til å nå ut til breidda av alle som treng midlar. Løysinga vert ofte å gå for eit fåtal regionale bygg. Slik kan det ikkje vere. Det finst inga samla oversikt, men estimat frå Huset i Bygda viser at det truleg er over 3000 organisasjonseigde kulturhus i Noreg, med estimert vedlikehaldsetterslep på 1,2 milliardar kr. Desse bygga utgjer ofte det sosiale limet i eit lokalmiljø, og fortener dermed støtteordningar som svarar til rolla dei har.

Fråsegn 2

Kommunane treng ungdomslaga for å gje barn og ungdom ei god oppvekst

I 2022 trer barnevernsreforma i kraft, som blant anna skal styrke kommunane sitt førebyggjande arbeid og tidleg innsats for barn og unge. Kommunane får meir ansvar på barnevernsområdet, fordi kommunen har nærleik til familiane og deira behov. Reforma regulerer først og fremst barnevernet, men måla i reforma blir nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren i kommunane og er difor meir ei oppvekstreform. Målet med reforma er at fleire utsette barn og familiar skal få den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt.

Noregs Ungdomslag har 350 lokallag fordelt rundt i landet, med 14 000 medlemmer frå 0 til 100 år. Lokallaga våre bidrar kvar dag til levande lokalkultur i bygd og by, gjennom aktivitetar for små og store. Aktivitetane er mangfaldige; blant dei populære er dans, teater og ungdomsklubb. Å vere ein del av eit fellesskap og få oppleve meistring, er godt for folkehelsa. Aktivitetane som lokallaga våre driv, er god førebygging for både psykiske vanskar og somatiske sjukdommar. Sagt med andre ord: aktivitetane og miljøa i ungdomslaga våre er med på å gje barna i lokalsamfunnet ei god oppvekst. I dag er det svært varierende kva grad lokallaga våre får økonomisk, koordinerande eller administrativ støtte frå kommunen til sitt viktige arbeid. Det er også varierende i kva grad kommunen har fokus på det frivillige arbeidet i sine planar.

Noregs Ungdomslag meiner det er eit stort potensiale for samarbeid mellom kommunane og ungdomslaga rundt om i landet. Me meiner kommunane i større grad må bruke ungdomslaga i sitt førebyggjande arbeid, samt ta initiativ til eit samarbeid med ungdomslaga til barna sitt beste.